



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

OPEDAL SKULE



15.-17. MARS 2005



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

2 FAKTA OM SKULEN

Opedal skule har dette skuleåret 56 elevar. Det er SFO ved skulen.

Skulen har rektor og sju lærarar i pedagogiske stillingar. Ein av lærarane tek seg av spesialundervisninga. Det er tre assistentar ved skulen. To av desse assistentane arbeider og i SFO saman med to andre. Skulen har to reinhaldarar og vaktmeister.

Skulen ligg i eit kulturlandskap på Lofthus i Ullensvang. Det er flott utsyn over fjord og fjell.





3 VURDERINGSTEMA

Opedal skule skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Korleis verkar organiseringa av skuledagen for elevvar, lærarar og foreldra.

Skuleåret 2004/2005 organiserer Opedal skule elevane noko annleis enn tidlegare år:

- 1. og 2.trinn er ei gruppe med 19 elevvar
- 3. og 4.trinn er ei gruppe med 17 elevvar
- 5., 6. og 7.trinn har til saman 20 elevvar i storgruppe.

Gruppa er delt i to aldersblanda grupper med kvar sin kontaktlærar

Skulen vil vita korleis denne organiseringa verkar inn på læringsmiljøet for elevane og arbeidsmiljøet for dei tilsette. Organisering av 5.-7.trinn er den største utfordringa.

Skulen presiserer at organiseringa av skuledagen er like viktig for alle årstrinna og at heile skulen skal vera med i vurderinga.

Skulen vil i tillegg ha vurdering på informasjon til og kontakt med heimane.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Vurderingstema:

Korleis verkar organiseringa av skuledagen for elevar, lærarar og foreldra?

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Det er god trivsel ved skulen	<ul style="list-style-type: none">-eleven har vener på skulen-det er lite konflikhtar-uteområdet gjev god plass til leik-elevar og lærarar viser respekt for kvarandre
Skuledagen er organisert slik at det fremjar eit godt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none">-eleven har arbeidsro-det er orden i klasserommet-elevane samarbeider på tvers av alder i gruppene-elevane lærer fagleg av kvarandre-elevane har tilpassa arbeids/lekseplanar-eleven får hjelp av lærar-det er varierte arbeidsmåtar-undervisningsmateriell er lett tilgjengeleg for elevar og lærarar-romma er møblert og utstyrt slik at det passar organisasjonsmodellen
Elevane når læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">-elevane kjenner læringsmåla-elevane får tilbakemelding på arbeidet undervegs-elevane kjenner ulike læringsstrategiar-eleven er med i vurdering av eige arbeid-det er utviklings/elevsamtalar-skulen evaluerar resultat av kartleggings/nasjonale prøver og kan setja inn tiltak
Skuledagen er organisert slik at alle tilsette har eit godt arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none">-leiinga gjev god informasjon til alle tilsette-dei tilsette har medverknad på organiseringa-det er gode arbeidsplassar-det er fast samarbeidstid for lærarane-skulen har oppsett møteplan med tema-lærarane kan rettleia og læra av kvarandre-det er rom for meningsutveksling-det er medarbeidarsamtalar-skulen nyttar personalet sine sterke sider i undervisninga-alle tilsette får tilbod om kurs og fagleg påfyll-assistentar og andre tilsette er inkluderte i kollegiet
Heimane får god informasjon frå skulen	<ul style="list-style-type: none">-dei føresette får informasjon om den faglege og sosiale utviklinga-dei førsette opplever foreldresamtalen som nyttig-dei føresette opplever foreldremøta som nyttige-heimen kan ta uformell kontakt-heimen kjenner fagleg innhald og arbeidsmåtar i skulen
Det er godt samarbeid heim/skule	<ul style="list-style-type: none">-dei føresette har medverknad når det gjeld innhald og organisering-rådsorgana der forelda er representerte, fungerer til det beste for skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Elevar ved skulen, rektor, lærarar, assistentar og foreldre.
- Eksterne: Turid Solberg Mykkeltvedt og Inger Selin Hansen frå vurderingsgruppa i Voss/Hardanger kompetanseregion.

Grunngeving for val av informantar:

Organisering av skuledagen med fokus på læringsmiljø for elevane, arbeidsmiljø for dei tilsette og informasjon/kontakt med heimen vedkjem alle partar i skulesamfunnet. Det var derfor viktig at alle desse var med på å gje informasjon til det eksterne vurderingsparet.



Elevarbeid

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsgruppa møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsgruppa på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsgruppa informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

	TILTAK	ANSVAR
Januar 2005	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
Veke 6 og 7	Elevane i 5.-7. årstrinn skriv ein liten dagleg logg.	
15.02.05	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av fokusområde. Vurderingsparet får planar og anna relevant informasjon frå skulen. Skulen vert førelagt framlegg til tidsplan for vurderinga og framlegg til kriterium. Vi drøfter endringar og ynskje. Skulen får påstandsskjema til pedagogisk personale.	Begge partar
16/17.02.05	Skulen får skjema for 1.-4. årstrinn elektronisk	
Veke 7	Skulen melder eventuelle endringsframlegg på kriterium attende til vurderingsgruppa innan fredag 18.02.05 Skulen sender loggskjema, skjema frå 1.-4. årstrinn og påstandsskjema (pedagogisk personale) til vurderingsparet så raskt som mogeleg.	Skulen
Veke 9	Oppsummering av logg og skjema	Vurderingsgruppa
Veke 10	Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderingsgruppa
Veke 11	Vurderingsveka: 15., 16. og 17. mars Tysdag og onsdag : Vurderingsparet har samtale/intervju med elevar og tilsette. Vi observerer i undervisningssituasjonen. Foreldremøte tysdag kveld kl. 19.00 Skulen set opp plan for dette og finn høveleg rom. Vurderingsparet arbeider med informasjonsdata og rapport ettermiddag og kveld. Torsdag: Fellesmøte mellom personalet og vurderingsgruppa for framlegging av førebels rapport.	Begge partar
Veke 12	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Ullensvang herad.	Vurderingsgruppa
Veke 13	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget. Dette skal skulen senda til vurderingsgruppa	Skulen
	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapport og skjema (utan svar) vert lagt ut på regionen si nettside.	Kommunen/ regionen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsgruppa utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt I L-97

Dokumentanalyse

På formøte fekk vurderarane følgende dokument:
-presentasjon av skulen gjennom informasjonsfaldar
-verksemdsplanen 2004/2005
-organiseringsplan 2004/2005
-skulesynsplan
-handlingsplan mot mobbing
-døme på arbeidsplanar, vekeplanar og lekseplanar
-utfylte loggskjema frå veke 6

Påstandsskjema og logg

Skulen fekk loggskjema(5.-7.årstrinn) før det det første møtet med skulen. På formøtet fekk skulen påstandsskjema til det pedagogiske personalet. Påstandsskjema 1.-4.årstrinn fekk skulen elektronisk dagen etter. Alle skjema blei fylt ut og raskt returnert til vurderingsgruppa for oppsummering.

Oppsummering av påstandsskjema og logg

Oppsummeringa viste kva område vurderingsgruppa måtte hente inn meir informasjon.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna henta inn enda meir informasjon om temaet, laga vurderingsgruppa samtaleguidar for dei tilsette og elevane. Vi laga også gruppediskusjonsoppgåver til foreldra. Desse blei nytta på foreldremøte.

Samtale med rektor før framlegging av rapport

Vurdering

Vurderingsgruppa føretok ei vurdering ved å spegla utsegnene frå elevar, foreldre og tilsette mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurdering vart det trekt ein konklusjon.

8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

- **den nye organiseringa har ført til at elevane i 5.-7.klasse får, saman med kontaktlærer, vera med å vurdera eige arbeid, og ha utviklingssamtalar kvar 14. dag**

Utviklingssamtalar og vurdering av elevane sitt arbeid er svært viktig for elevane si faglege og sosiale utvikling. Dette syner Opedal skule at dei tek på alvor ved å prioritera dette slik dei gjer. Det fører også til at elevane sjølve får øving i å reflektera over eige arbeid, innsats og måloppnåing.

- **foreldra på desse klassetrinna får såleis god og hyppig tilbakemelding på elevane si utvikling**

Foreldra får så denne vurderinga heim til underskrift. Dette fører til at dei mykje betre enn før kan følgja med i eleven sitt arbeid, noko dei gjev uttrykk for som positivt.

- **organiseringa på skulen fører til at elevane arbeider på tvers av alder, og lærer av kvarandre**

Tileigning av kunnskap skjer i den einskilde elev. Elevane lærer på mange ulike måtar, og ofte lærer dei aller best av kvarandre. Organiseringa på skulen legg godt til rette for at elevane kan få læra på denne måten.

- **elevane trivst og er trygge på Opedal skule**

Gjennom påstandsskjema og i møte med elevar og foreldre, fekk vurderingsparet inntrykk av trygge og nøgde elevar ved skulen. Elevane var verbalt sterke, og kunne formidla reflekterte meiningar til oss. Me høyrde heller ikkje dårleg språkbruk ved skulen, og såg ingen som var i konflikt med kvarandre. Skulen har arbeidd med det sosiale miljøet gjennom "Olweus - programmet", og dei må framleis halda fokus på dette.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

- **skulen har eit godt og variert uteområde**

Opedal skule ligg fint til i eit kultulandskap. Uteområdet gjev rom for varierte aktivitetar, og det var tydeleg at skulen, saman med foreldre, hadde lagt ned ein del arbeid i området. Me såg elevar som klatra, som leika med ball, aka og huska. Elevane hadde også fleire gode framlegg til å gjera uteområdet endå betre, sjølv om dei gav uttrykk for at dei var nøgde!

- **lærarane ved skulen nyttar resultat av kartleggingsprøver og nasjonale prøver som støtte i planlegginga av undervisninga**

Resultat av kartleggingsprøvar er til ingen nytte for elevane dersom ikkje skulen analyserer resultatata og brukar dei som støtte i planlegging av meir tilpassa undervisning for elevane. Nasjonale føringar understrekar også dette, og skuleeigar skal sjå til at dette vert gjort. Opedal skule tek dette på alvor, og informerer også foreldre om resultatata.

- **foreldra har tillit til skulen, og uttrykkjer at skulen er inne i ei positiv utvikling, særleg når det gjeld det sosiale miljøet**

Foreldra uttrykkjer tillit til leing og personalet ved skulen, både når det gjeld organisering, fagkunnskap og oppfølging av det sosiale miljøet på skulen. Dei uttrykkjer at skulen har vore og er inne i ei positiv utvikling.



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **arbeida vidare med utvikling av arbeidsplanane til elevane slik at læringsmåla er kjende for elevane og slik at flinke elevar får større utfordringar**

Skulen er inne i ein prosess når det gjeld utvikling av arbeidsplanar for elevane. 1.-4. klasse har vekeplan. Der er det oversikt over kva dei skal arbeida med på skulen og heime.

5. – 7. klasse har arbeidsplan. Den får dei arbeida med på skulen dei tre første timane dei fleste skuledagane. Etter observasjon, samtale med elevar, foreldre og lærarar, finn me at skulen framleis kan utvikla desse planane.

Stortingsmelding 30 "Kultur for læring" vart vedteken i juni 2004, og her vert det understreka kor viktig det er at læringsmåla er kjende for elevar og foreldre. Det vert hevda at dette er viktig for at elevane skal kunna nå læringsmåla.

Opedal skule kan med enkle grep gjera læringsmåla kjende for elevane og foreldra i forkant. Då er vekeplanar/arbeidsplanar ein viktig reiskap.

Mengd med arbeid, tverrfaglege opplegg, fordjupning og valfridom er viktige element i tilpassa opplæring. Også på desse områda er vekeplanar/arbeidsplanar eit viktig element. Dei svake elevane må få oppgåver dei meistrar, og dei sterke elevane må få utfordringar og høveleg arbeidsmengd.

Dette må skulen arbeida vidare med og evaluera undervegs i samråd med kvarandre, elevar og foreldre.

- **leggja til rette for betre samheng og kommunikasjon mellom dei to trinna (1.-4. klasse og 5.-6.klasse)**

I ein travel kvardag kan det ofte vera vanskeleg å få til felleskap i personalet og å gje alle lik og god informasjon. Skal ein skule fungera som ei eining, er dette viktig.

Om ikkje alle veit alt om alle, er det viktig at personalet har ei kjensle av at dette er "vår" skule. Lærarar og elevar på skulen er deltakarar i ei sju år lang opplæring. Då er det viktig at det er samheng, kunnskap og kommunikasjon mellom årstrinna.

Vurderingsparet ser det difor som viktig at skulen utviklar rutinar og tid for at slik kommunikasjon og samheng kan finna stad.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

- **prioritera betre tilgang til datamaskiner for lærarane**

Arbeidsplassane til lærarane på skulen er ljose og trivelege, og alle har kvar sin plass. Lokaliseringa er kanskje ikkje så heldig, då ein del av dei tilsette tykkjer det er vanskeleg å førebu seg her. Ein del gjennomgangstrafikk uroar, og mangel på datamaskiner er stor.

Ei datamaskin på deling ved førebuingarbeid og utarbeiding av arbeidsplanar/vekeplanar synes lite.

Det er greit å forstå at skulen har prioritert elevmaskiner fram til no, men skal ein halda fast på og vidareutvikla den organiseringa ein har no, må lærarane få betre tilgang til datamaskiner.

- **laga plan og frigjera ressursar for gjennomføring av utviklingssamtalar for 1.-4. klasse**

Lærarane på dette steget har sterke ønskje om å ha utviklingssamtalar, men det syner seg vanskeleg å gjennomføra i praksis i ein travel kvardag.

Då 5.-7. klasse har utviklingssamtalar og vurdering av arbeid kvar 14. dag, meiner me det er viktig at også 1.-4. klasse har eit system for utviklingssamtalen.

Difor vil vurderingsparet rå til at administrasjonen utarbeider ein plan for og frigjer ressursar slik at heile skulen kan gjennomføra utviklingssamtalar med elevane.

- **laga plan for og gjennomføra medarbeidersamtalar**

På ein så liten skule som Opedal skule kan det synast unødvendig å ha medarbeidersamtalar då leiinga og personale har høve til å snakkast uformelt ganske ofte.

Likevel er det viktig også sett frå skuleeigar sitt synspunkt, at skuleleiar gjennomfører planlagte og førebudde medarbeidersamtalar.

Dette for å sikra trivnad, tryggleik og rett utnytting av kompetansen ved skulen.

Vurderingsparet vil difor råda rektor til å laga ein plan for medarbeidersamtalar og gjennomføra denne planen.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

- **arbeida for å få elevrådet til å fungera**

Fleire undersøkingar viser at me i skulen i Noreg ikkje er gode på å gje elevane medverknad.

Eit verkemiddel for å få større elevmedverknad er å arbeide aktivt for å få til eit elevråd som fungerer godt. Dette vert også understreka i L- 97, sjå side 326. Her heiter det mellom anna: "Klasse- og elevrådsarbeid er for heile grunnskulen strukturert etter tre felles målområde:

- medraderett
- samhandling
- eigenutvikling

Elevutsegner og utsegner frå tilsette tyder på at elevrådet ved skulen ikkje fungerer slik det kan gjera. Utkryssinga på loggskjema synte at elevane i liten grad var med å bestemme noko.

Eit aktivt elevråd kan vera ein start på auka medraderett og engasjement.

- **vurdera å flytta spesialundervisninga til "det gule rommet".**

Rommet i kjellaren som vert brukt til spesialundervisning verkar i utgangspunktet lite eigna for undervisning. Inngangspartiet er ikkje særleg tiltalende, og sløydsalen er naborom. Når denne salen er i bruk, vil det utvilsamt medføra støy og uro.

Sjølv om lærar og elevar er relativt nøgde med rommet, tykkjer me likevel at flytting kan vurderast.

Elles nemner me:

- byggja opp betre og meir oversiktelege materiellsamlingar til dømes i natur- og miljøfaget
- i 5.-7. bør de visualisera dei tema som gruppene arbeider i med
- det kan vera meir elevarbeid på veggane i romma i 2.etasje
- elevane kan ha betre orden i hyllene sine i dette området
- på sikt og stegvis kan de modernisera møblane



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10. VIDARE ARBEID ETTER MARS – 05 – VED OPEDAL SKULE

Utviklingsområde	Idear	Dette er gjennomført etter 6 mnd	Tankar om vidare arbeid
- arbeida vidare med å utvikla arbeidsplanane til elevane slik at læringsmåla er kjende for elevane, og slik at flinke elevar får større utfordringar	- gje elevane læringsmåla saman med arbeidsplan - ha eigen rubrikk med læringsmål(veke-plan) - ha utstyr og materiell for vanskelegare oppgåver (ekstraoppgåver) liggjande framme		
- leggja til rette for betre samanheng og kommunikasjon mellom dei to trinna (1.-4. klasse og 5.-6.klasse)	- setja av tid til informasjon og kommunikasjon - laga rutinar for samarbeid		
- prioritera betre tilgang til datamaskiner for lærarane			
- laga plan og frigjera ressursar for gjennomføring av utviklingssamtalar for 1.-4. klasse	- kontaktlærer lagar ein tidsplan for elevsamtalar - rektor syter for at gruppa får ressursar til å gjennomføra samtalan		
- laga plan for og gjennomføra medarbeidar-samtalar	-		
- arbeida for å få elevrådet til å fungera	- velja kontaktperson med interesse for elevrådsarbeid - gje medlemmene av elevrådet opplæring		



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad dato 2005

Namn
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Namn
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



VEDLEGG 1

1. - 4. trinn

Skulen din skal ha besøk. På førehand vil me gjerne vita litt om korleis du har det på skulen. Me vil også gjerne få vita litt om korleis du arbeider. Derfor vil me at du kryssar av på dette skjemaet.

Læraren les spørsmåla for deg, og du skal kryssa under det fjeset du meiner passar best.

☺ = Dette passar heilt slik det er

☹ = Det passar nokså bra

☹ = Det passar ikkje

		☺	☹	☹
1	Eg er trygg på skulen			
2	Eg har nokon å leika med på skulen			
3	Eg blir ikkje erta på skulen			
4	<u>Eg</u> ertar ingen på skulen			
5	Eg veit kva eg skal læra i timane			
6	Eg hjelper andre med skulearbeidet			
7	Eg får hjelp av andre med skulearbeidet			
8	Eg arbeider saman med nokon i timane			
9	Eg arbeider alltid åleine			
10	Vi sit i grupper			
11	Nokre gonger har vi arbeidsplan. Då kan vi velja kva vi gjer først			
12	Eg har brukt data på skulen			
13	Leksene mine greier eg godt			
14	Læraren min snakkar ofte med meg			
15	Læraren seier ofte at eg er flink			



VEDLEGG 2

**PÅSTANDSSKJEMA TIL PEDAGOGISK PERSONALE
VED OPEDAL SKULE**

Nr.	Påstandar. <i>Set kryss under 4 dersom de er heilt samde i påstanden, glidande nedover mot 0 dersom de er heilt usamde.</i>	4	3	2	1	0
1.	Elevane har vener på skulen					
2.	Det er lite konflikhtar på skulen.					
3.	Vi har gode uteområde.					
4.	Det er arbeidsro.					
5.	Elevane lærer fagleg av kvarandre.					
6.	Elevane har tilpassa lekse/arbeidsplanar.					
7.	Læringsmåla er tydelege for den einskilde elev.					
8.	Det er varierte arbeidsmåtar.					
9.	Eg gjennomfører elevsamtalar/utviklingssamtalar					
10.	Omorganiseringa har ført til auka trivsel blant elevane					
11.	Eg har tid til rettleiing av den einskilde elev					
12.	Eg får seia mi meining om organiseringa ved skulen					
13.	Omorganiseringa har ført til meir arbeidspress for meg					
14.	Det er gode fysiske arbeidsforhold ved skulen					
15.	Eg får utnytta mine sterke sider i undervisninga					
16.	Vi har pedagogiske/metodiske samtalar i kollegiet					
17.	Eg har hatt medarbeidarsamtale dette skuleåret					
18.	Styrkingstimar vert nytta meir fleksibelt					
19.	Dei føresette er kjent med den faglege og sosiale utviklinga til eleven.					
20.	Foreldra er godt kjende med innhald og arbeidsmåtar i undervisninga					
21.	Rådsorgana ved skulen er aktive					
22.	Foreldra har medverknad når det gjeld endringar/tilpassingar i organiseringa					



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

Logg, veke 6 og 7. Ta fram skjemaet kvar dag og set kryss under det du har vore med på ! Skriv så litt om korleis du tykkjer dagen har vore!

I dag har eg vore med på dette:	Arbeidd åleine.	Arbeidd saman med nokon.	Fått hjelp frå lærar.	Fått hjelp frå andre.	Hjelpt andre elevar.	Framført noko for klassen.	Arbeidd på data-maskin.	Eg har greidd oppgåvene mine.	Det var oppgåver eg ikkje fekk til.	Eg har krangla med andre.	Eg har vore i aktivitet i pausane	Det har vore arbeidsro i klassen	Eg veit kva eg skal læra i faga.	Eg har bestemt noko i dag.
Måndag 7.febr														
Denne dagen har vore:														
Tysdag 8.febr														
Denne dagen har vore:														
Onsdag 9.febr														
Denne dagen har vore:														
Torsdag 10.febr														
Denne dagen har vore:														
Fredag 11.febr														
Denne dagen har vore:														

VEDLEGG 4

Mal for samtalar med elevane

Om trivsel

- a) har de venner på skulen?
- b) har de nok å gjera på når de har friminutt
- c) høyrer de på det lærarane seier de skal gjera?
- d) er de greie med kvarandre?

Om organisering av læringsmiljø

- a) har de arbeidsro i timane?
- b) veit de kvar de skal finna ting i klasseromma?
- c) arbeider de saman med dei som er eldre og yngre enn de er?
- d) lærer de av kvarandre?
- e) har de arbeidsplanar / lekseplanar(klarar de oppgåvene på planane)?
- f) får de hjelp av lærar?
- g) arbeider de på mange ulike måtar i faga?
- h) korleis sit de i klasserommet?
- i) sit de alltid på same måten?

Om læringsmål

- a) korleis veit de kva de skal læra?
- b) får de ros frå lærar når de jobbar med skulearbeid?
- c) får de hjelp av lærar eller assistent når de treng det?
- d) veit de om ulike måtar å læra på?
- e) får de seia kva de meiner om eige arbeid?
- f) har de elevsamtalar/utviklingssamtalar med kontaktlærar?
- g) får de vera med å bestemma kva de skal læra?
- h) får de vera med å bestemma korleis de skal arbeida?

Om dei tilsette sitt arbeidsmiljø

- a) har de gode arbeidsplassar?
- b) er det trangt i klasserommet?
- c) trivst de i gruppa?

Om informasjon til heimen:

- a) trur de dei heime veit kva de skal læra?
- b) trur de at foreldra veit korleis de arbeider på skulen?
- c) veit dei heime kor flinke de er?



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 5

Mal for samtalar med personalet

Om trivsel

- a) har elevane venner på skulen?
- b) Korleis er konfliktnivået?
- c) er uteområdet godt egna for leik?
- d) viser elevane respekt for lærarane?

Om organisering av læringsmiljøet

- a) er det arbeidsro i gruppene?
- b) er det orden og lett å finna materiell i romma?
- c) samarbeider elevane på tvers av alder i gruppene?
- d) lærer elevane fagleg av kvarandre?
- e) har elevane tilpassa arbeidsplanar/lekseplanar?
- f) får elevane den hjelpa dei treng av lærarane og eventuelle assistentar?
- g) er arbeidsmåtene varierte?
- h) er de nøgde med møblering og utstyr?

Om å nå læringsmåla

- a) korleis kjenner elevane læringsmåla?
- b) får elevane tilbakemelding på arbeid undervegs?
- c) lærer elevane ulike arbeidsmåtar?
- d) får elevane vera med å vurdere eige arbeid?
- e) har skulen planlagde elevsamtalar/utviklingssamtalar?
- f) brukar skulen resultat av kartleggingsprøver (og nasjonale prøver) læringsstøttande?

Om organisering og arbeidsmiljø for dei tilsette

- a) gjev leiinga god informasjon til alle tilsette?
- b) har de som tilsette medverknad på organiseringa av skulen?
- c) har de gode arbeidsplassar?
- d) er det organisert fast samarbeid mellom lærarane og eventuelle assistentar?
- e) har skulen møteplan med tema?
- f) kan lærarane rettleia og læra av kvarandre?
- g) er det rom for meningsutveksling?
- h) har skulen organiserte medarbeidarsamtalar?
- i) er skulen medviten på å nytta personalet sine sterke sider?
- j) får de tilbod om kurs og fagleg påfyll?
- k) er assistentar og andre tilsette inkluderte i kollegiet der det er naturleg?

Om informasjon til heimane:

- a) får dei føresette informasjon om elevane sin faglege og sosiale utvikling?
- b) er det tovegs samtale når de har foreldresamtale? Er elevane med?
- c) er det lett for heimen å ta kontakt med skulen?
- d) korleis får heimen vita om fagleg innhald og arbeidsmåtar i skulen?

Det er godt samarbeid heim/skule:

- a) har dei føresette medverknad når det gjeld innhald eller organisering?
- b) fungerer rådsorgana (der foreldra er representerte) ved skulen



VEDLEGG 6

Mal for samtale med assistentar

1

Om trivsel

- a) har elevane venner på skulen?
- b) korleis er konfliktnivået ?
- c) er uteområdet godt egna for leik?
- d) viser elevane respekt for assistentar og lærarar?

2

Skuledagen er organisert slik at det fremjar eit godt læringsmiljø:

- a) er det arbeidsro i gruppene?
- b) er det orden og lett å finna materiell i romma?
- c) samarbeider elevane på tvers av alder i gruppene?
- d) lærer elevane fagleg av kvarandre?
- e) har elevane tilpassa arbeidsplanar/lekseplanar?
- f) får elevane den hjelpa dei treng?
- g) er arbeidsmåtene varierte?
- h) er de nøgde med møblering og utstyr?

3

Skuledagen er organisert slik at dei tilsette har eit godt arbeidsmiljø:

- a) gjev leiinga god informasjon til alle tilsette?
- b) har de som tilsette medverknad på organiseringa av skulen?
- c) er det organisert fast samarbeidtid med lærarane?
- d) er det rom for meningsutveksling?
- e) har skulen organiserte medarbeidarsamtalar?
- f) er skulen medviten på å nytta personalet sine sterke sider?
- g) får de tilbod om kurs og fagleg påfyll?
- h) er assistentane inkluderte i kollegiet der det er naturleg?

4. Det er godt samarbeid heim/skule:

- a) har dei føresette medverknad når det gjeld innhald eller organisering?
- b) fungerer rådsorgana (der foreldra er representerte) ved skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Foreldremøte ved Opedal skule.

Møte mellom FAU – representantar med varamedlemmer og Inger Selin Hansen og Turid S. Mykkeltvedt frå vurderingsgruppa i Hardanger/Voss.
Tirsdag 15. mars kl.19.00 på Opedal skule.

1. Kort orientering om ekstern vurdering i regionen.
2. Vurderingstema som Opedal skule ønskt:

Korleis verkar organiseringa av skuledagen for elevane, lærarar og foreldra.

I samband med dette ønskjer me at foreldra drøftar og gjev tilbakemelding til oss om dette:

A.

- trivst elevane på skulen?
- er det mykje konflikhtar?
- er det arbeidsro i timane?

B.

- får elevane oppgåver dei meistrar?
- får elevane oppgåver som utfordrar dei?
- har elevane lekser?
- får foreldra jamleg tilbakemelding på elevane sitt arbeid?
- er de nøgde med elevane sitt faglege utbyte på skulen?

C.

- får foreldra informasjon om elevane sin faglege og sosiale utvikling?
- opplever de foreldresamtalen som nyttig?
- får de førebud dykk til foreldresamtalen?
- er foreldremøta nyttige?

D.

- er det lett å ta kontakt med skulen?
- har de som foreldre medverknad når det gjeld organisering av skulen?
- er de nøgde med organiseringa av skulen slik det er no?
- kan de som foreldre koma med innspel om innhald i undervisninga?
- tek skulen innspel frå foreldra på alvor?

E.

- korleis tykkjer de FAU fungerer ved skulen?
- korleis tykkjer de samarbeidsutvalet fungerer?

Inger Selin Hansen og Turid S. Mykkeltvedt.